
Saksnr: 2020/77154-19
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård
Dato: 10.12.2020

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkeseldrerådet

Uttale frå fylkeseldrerådet til sak: Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6

PS 40/20 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6/20 vart oppe i fylkeseldrerådet 08.12.2020.

Uttale frå fylkeseldrerådet:

«Fylkeseldrerådet tar budsjettet for 2021 og økonomiplan 2021-2024 til orientering. Vi vil i tillegg uttale følgjande:

Fylkeseldrerådet registrer at løyvingane til rådet for 2021 er kr 520.000. Dette er ein auke på ca. 1% og er ikkje nok til å dekke inn pris- og lønsveksten.

Rådet registrerer at tilskotet til regionråda er teke bort. Vi er i tvil om dette er fornuftig. Vi tenkjer på regionråda som eit godt forum for å samordne og utvikle regionane.

Vi kunne tenkje oss ein oversikt som fortel om den totale løyvinga for å betre folkehelsa. Eit handlingsprogram for folkehelsearbeidet i 2021 er viktig. Tilskotsmidlar til prosjekt og utvikling av møteplassar er viktig, samt å arrangere samlingar og nettverk. Vi registrer at fylkeskommunen får kr 9 millionar frå Helsedirektoratet til program for folkehelsearbeid i kommunane.

Vi registrer at løyvinga til Folkehelse er redusert med kr 300.000. Det er kanskje ikkje store summen, men med Leve heile livet-programmet og alt som er forventa frå staten burde midlane her aukast i staden.

Reduksjonen i tannhelsearbeidet er ikkje akseptabelt. Når vi ser at gruppa av eldre aukar og at tannhelsa til mange eldre er for dårleg, burde tannhelsearbeidet intensiverast.

Vi registrer at løyvingane til TT-ordninga, serviceskyss, innfartsparkering og teknisk skyss er redusert med 37 millionar. Det er viktig å få opp eit transportsystem i heile Vestland fylke for m.a. eldregruppa og personar med spesielle behov. Med ein så stor reduksjon i løyvingane er vi sterkt tvilande til å kunne få til transportsystem som er godt nok for den omtalte gruppa.

Fylkeseldrerådet er positiv til vidareføring av servicelinjen i Bergen.

Vi er positive til løyvingane til drift og vedlikehald av vegar og til trafikktryggingstiltak. Det er likevel ein lang veg å gå før vi greier å hente inn etterslepet som har bygd seg opp innanfor disse sektorane.

Vi registrerer at løyvingane til Den kulturelle spaserstokken er uendra (kr. 3.980.000). Når vi veit at søknadane frå kommunane i 2021 utgjorde i overkant av 6 millionar, så burde det klart vore større løyvingar her. Vi er klar over at det er departementet som løyver til dette tiltaket, men det bør gå klare signal attende om at desse løyvingane må aukast. Dei fleste av tiltaka kommunane søker om midlar til å retta mot den eldre

aldersgruppa. Alle oppfordringar og pålegg frå staten/fylkeskommunen til kommunane legg vekt på at denne gruppa må prioriterast høgare.»